# ÅRSPLAN 2020-2021

Brattholmen skulefritidsordning

Nygårdsvegen 1

5350 Brattholmen

Tlf: 55097504/91758497

E-post: liss.schumann@oygarden.kommune.no



S – sosalisering og samspill

F – Fritid og felleskap

O – Omsorg

**SFO:**

SFO er eit fritidstilbod som i hovudsak skal gje elevane tilsyn og omsorg, samtidig som borna skal ha mogligheit for fritid og leik. SFO er og ein arena der borna skal ha ei oppleving av å vere i eit fellesskap der det blir lagt til rette for sosialisering, samspel, gode relasjonar og medverking gjennom leik og ulike aktivitetar. Barna skal oppleve gode relasjonar og bli respektert, inkludert og integrert i SFO uavhengig av etnisk og kulturell bakgrunn og funksjonsnivå. Skule og SFO har eit tett samarbeid og bidrar til eit heildags tilbod for dei yngste elevane ved skulen. Det er viktig med god informasjonsflyt mellom undervisningspersonalet og SFO-personalet. Det er naturleg at ein representant frå SFO deltar i samarbeidsmøter, ansvarsgruppemøter eller liknande når det gjeld enkelt elevar, slik at tiltak kan iverksettast på best mogleg måte.
Det er felles regler for orden og åtferd for heile skulen si verksemd.
Det kan du lese meir om på Brattholmen skule si heimeside.

SFO gjeld for born frå 1-4 klasse. For born med spesielle behov kan ordninga gjelde opp til og med 7 klasse. Sjå vedtektene på øygarden kommune si heimeside.

**Personalet på SFO 2020/2021**

| **Navn** | **Stilling** |
|---|---|
| Liss H Schumann | SFO leiar |
| Anne Arefjord | Barne og ungdomsarbeidar |
| Janne Larsen | Barne og ungdomsarbeidar |
| Karin Bratsberg | Pedagogisk medarbeidar |
| Kate Viksøy | Barne og ungdomsarbeidar |
| Mona Veiberg | Barne og ungdomsarbeidar |
| Grete Marie Borthen | Barne og ungdomsarbeidar |
| Bente Eikeland | Barne og ungdomsarbeidar |
| Torbjørn | Pedagogisk medarbeidar |
| Marianne Eide | Barne og ungdomsarbeidar |
| Carina Heimnes | Pedagogisk medarbeidar |
| Tone Nicholaysen | Pedagogisk medarbeidar |
| Kristine Bruvik | Lærling |
| Synnøve Olsen | Vikar ved behov |
| Jørgen Snekkevik | Vikar ved behov |
| Simen Vivelid Stokke | Vikar ved behov |
| Bjørnar Handal | Vikar Ved behov |

Dei ansatte i SFO skal vere gode veiledere for barna i leik og samspel. Dei skal vere tydelege, vise respekt, vere engasjert, vise omsorg og vere konsekvente vaksne. Dei ansatte skal vere gode rollemodellar og gje barna og kvarandre konstruktive tilbakemeldingar og dei skal sjå, lytte og ta barn på alvor.

## INNTAK; ENDRINGER OG OPPSEINGAR

Hovudinntak til SFO er på vårsemesteret. Søknadsfrist er satt til 15 April. Born som har plass på SFO beheld plassen ut 4 klasse, eller til plassen vert sagt opp. Du treng ikkje å søkje på nytt kvart år. Du kan søkje SFO plass gjennom heile året.

Dersom plassen vert sagt opp eller endra i løpet av skuleåret, er det 1 månad skriftleg oppseiingstid, gjeldande frå den 15. i kvar månad. Du må sende inn oppseiinga elektronisk på heimesida til øygarden kommune.
Dersom du seier opp plassen etter 15 April må du betale for SFO-plassen ut skuleåret.
Oppseiingstida, både dersom ein plass skal seiast opp eller dersom plasstypen skal endrast til ein mindre plass, er på ein månad, gjeldande frå den 15 i kvar månad. Dersom de vil auke plass storleiken kan det som oftast innfriast med ein gong de har søkt, dersom det er ledig kapasitet.

Dersom borna blir henta for seint henta, utan særskilt grunn, må de føresette betale kr 270 på kvar påbyrja halvtime.

**Priser og plasstyper finn du på heimesida til øygarden kommune.**

**Alle endringar og påmeldingar skal gjerast på skjema og sendast inn elektronisk.**

## OPNINGSTIDER SFO

SFO har opent kvar dag fra kl. 07.00 – 16.30. På morgon SFO, kl 7-8.30, går vi ut med borna kl. 08.15, slik at dei får lufte seg før skuledagen tek til. Det er alltid voksne ute på vakt frem til skulen startar. SFO tek til att etter skuledagen er ferdig, og er opent frem til kl. 16.30. Borna må vere hentet og ute av SFO innan dette tidspunktet. Dei som har plasstype, som berre er til kl 15.30, må hente barna innan denne tiden.

Akkurat nå, under covid 19, organiserer vi morgon SFO litt annleis. Vi går ikkje ut på morgonen, men blir i klasserommet til lærer kjem kl 8.15. Då overtar lærer borna i klasserommet, og dei vaksne som har vore på morgon SFO går ut og møter born og foresette som kjem til skulen.

**FERIE SFO**

Vi kan ha opent i høstferien, vinterferien og heile sommaren.  Borna må ha 4 veker ferie, 3 av dei samanhengende om sommaren i tidsrommet frå skuleslutt til skulestart. Det kan hende at borna får SFO tilbod på andre skular enn Brattholmen, dersom det er få søkjare.

Det er påmelding til ferie SFO på kommunen si nettside.   Søknadsfrist for ferie SFO er 4 veker før ferie starter.

For at vi skal halde opent i ferier må det vere minst 15 påmeldte. Fristen, på fire veker, før å søkje  må overhaldast for å få plass.

Det er eigne planer for ferie SFO.  Planer/oversikt over vekene i ferie SFO får dei som har søkt og fått plass, veka før ferie SFO tek til.

**MAT**

Alle har med seg eigen matpakke til måltidet på ettermiddagen.  Dersom det er ynskjelig kan borna ha med seg matpakke og ete frukost på SFO.  Frukosten starter kl. 07.30 og avsluttes kl 08.05.

Mat og Helse

Vi ynskjer at borna skal ha sunne og gode matpakker.

**KLEDE**

Alle borna må ha med seg ekstra byteklede både for skule og SFO.  Det er viktig at dei har med seg ytterklede som eigner seg for å vere ute i all slags ver.  Husk at det er lurt å sette navn på alt av bytetøy og ytterklede.

**NOKRE RETTNINGSLINJER(Beskjeder, faste avtaler, hentesituasjon...)**

**Retningslinjer:**

- Vi på **SFO følgjer** barn som skal med bussen **15.10** til bussen.
- Du kan gjere faste avtaler med oss på SFO om når ditt barn skal gå heim. Dersom du ynskjer å endre avtalen eller lage avtale berre for enkelte dager send melding eller ring til oss **innan kl. 11.00.(Sms: 91758497 eller ring: 55097504)**
- Dersom du skal hente ditt born , vær så snill kom inn til oss for å hente barnet. Vi har dessverre ikkje moglegheit/kapasitet til å ta i mot meldinger og telefoner for å organisere enkelt barn ned til på/avstigningsfeltet i SFO tida. Når SFO er starta er vi voksne rundt på ulike grupper med barna. (Du kan gjerne ha ei fast avtale om at barnet ditt skal gå ned til på/avstigningsfeltet.)
- Dersom du sender ei melding til oss om endring i avtaler, kven ditt barn skal gå heim med o.l. må dykk skrive **fornamn**, **etternamn** og kva **klasse** barnet går i slik at vi skriver rett melding på rett barn. Vi svarer ikkje på meldingar, men vi les alle.
- Vi ønsker at alle meldinger om endringer eller andre ting i hovudsak skal sendes til oss **innen kl. 11.00**, slik at vi kan få ført endringer inn på de ulike listene til de ulike gruppene før SFO starter. Dersom de vil gje ei beskjed seinare enn kl 11, er det viktig at de ringjer oss.
- Når de henter barnet ditt på SFO er det viktig at de går til den vaksne som har ansvar for å krysse ut barna før de går frå SFO. I utetida finn de den vaksne på lille plassen utenfor hovedinngang til SFO. I innetid finn de den vaksne som krysser ut barn i gangen inne. Det er ikkje godt nok at de tenker at en vaksen har sett deg og sikkert krysser deg ut.

  Under covid 19, er det ein eller flere vaksene pr gruppe som har ansvar for sin gruppe, heile SFO tiden. Då finn du den vaksne som skal krysse ut, på den plassen ditt barn har leikeområde eller inne med barna.

## FORELDRESAMARBEID

Føresette til nye 1 trinns elevar og nye SFO barn frå andre klasser vil få informasjon om SFO av SFO leiar på førskuledagen og første skuledag. Føresette kan også til ein kvar tid be om ei samtale med SFO leiar dersom det er behov for det.
Det vil ikkje kome uke eller månadsplan for SFO. Kvar gruppe har sine egne opplegg. De planlegger utifra ver, ønsker(frå barna), alder og korleis gruppesamansetningen er.

## PLANLEGGINGSDAGER OG FERIER

Skuleruten som vi følgjer ligger på Brattholmen skule si heimeside. Merk at planleggingsdagar kan variere frå skule til skule. **SFO er stengt på planleggingsdagar**.

## REGLER

I SFO trenger vi regler, og vi har de same reglene på SFO som dei har på skulen(sjå skulen sitt ordensreglement)
**Regler for SFO i tillegg til ordensreglane:**

- Vi har ikkje med eigne leker på SFO
- Vi seier alltid ha det/takk for i dag til den vaksne som har krysse lista. Då veit vi at du er blitt henta og gått heim.

**Gjennom skuleåret:**

- Gir SFO tilbod om organisert leik og ulike tilrettelagte aktiviteter i tillegg til fri leik.
- SFO har tyngden på fri leik dei fyrste to åra og gradvis meir organisert leik og aktiviteter på 3 og 4 trinn.
- SFO-personalet veiledar barna ved behov og lyttar til barna sine ynskjer i tilrettelegginga.
- SFO-personalet legg til rette for, engasjerer seg og fylgjer opp leiken.
- Personalet på SFO har fokus på sosiale relasjonar og vennskap.

**Organisering.**

Alle barna på SFO høyrer til i ein gruppe. Gruppene har sin faste base(klasserom) og sine faste vaksne. I år, grunna covid 19 og smittevern, er alle borna i dei same gruppene som dei er i klasse med. I inne tid er 1a en gruppe, 1b er ein gruppe, 2a er ein gruppe osv. I utetida, på SFO, kan heile trinnet vere saman. Gruppene(trinna) har sine eigne uteområder. Desse rullerer dei på kvar veke, slik at borna får vere på alle uteområdene i løpet av ei periode på fire veker. Dette kan endre seg i løpet av året. Når covid 19 er historie og vi igjen kan tilbake kvardagen vår, vil vi etter kvart ha aldersblanda grupper. Desse dagane får barna velje aktivitetar på tvers av alder og den gruppa dei tilhøyrar. Då brukar vi tavla som heng i gangen utanfor SFO kjøkken. Barna kan då velje mellom ulike aktivitetar ved å hengje opp bilete sitt på den aktiviteten dei ynskjer å delta på. Det kan vere tur, gymsal, formingsaktivitet, inneleik, uteleik og anna. All utetid er felles.

Alle gruppene nyttar dei same klasseromma på SFO som dei nyttar i skuletida.

Dei vaksne på SFO i 1a heiter:
Carina og Karin.

Dei vaksne på SFO i 1b heiter:
Anne, Torbjørn og Tone

Dei vaksne på SFO i 2a heiter:

Mona og Grethe Marie

Dei vaksne på SFO i 2b heiter:
Kate og Bente

Dei vaksne på SFO i 3a heiter:
Janne og Kristine

Den vaksne på SFO i 3b heiter:
Synnøve – ho er vikar som er kjent for barna.

Den vaksne på SFO på 4 trinn:
Marianne

Det kan skje endringa på kva gruppe dei vaksne er.

Korleis dei vaksne er organisert og samansetningen av grupper på 3 og 4 trinn vil vere annleis når vi ikkje skal ta smittervern hensyn.

**Dagsrytme.**

Kl 07.00 – SFO opnar
Kl 07.30- 08.05 – Frokost. Det er ikkje mogleg å spise frokost på SFO dersom barna kjem seinare enn kl 07.50.
Kl 08.15 – Alle går ut. No under covid 19, kjem lærar og tek imot borna i klasserommet kl 8.15. Vi går ikkje ut.
Kl 08.30 – skulen tek til

Måndag:
Kl 13.05 – SFO tek til for alle gruppene.

Tysdag:
Kl 12.10 – SFO tek til for alle gruppene.

Onsdag:
Kl 13.05 – SFO tek til for 1 og 2 trinns elevar.
Kl 14.00 – SFO tek til for 3 og 4 trinns elevar, spiser SFO måltid.

Torsdag:
Kl 13.05 – SFO tek til for 1 og 2 trinns elevar.
Kl 14.00 – SFO tek til for 3 og 4 trinns elevar.

Fredag:
Kl 13.05 – SFO tek til for alle gruppene.

Kl 15.30 – For dei som har ettermiddagsplass til kl 15.30 eller redusert plass er SFO stengd.

Kl 16.30 – SFO stengjer.

Måltid på SFO: Alle har med egen mat/frukt til SFO måltid.
Vi har både inne og utetid. Gruppene har sine egne rutiner.

**Årshjul for alle gruppene:**

<table>
<tr><td>Månad</td><td>Tema</td></tr>
<tr><td>August</td><td>Bli kjent og bygge relasjoner gjennom:<ul><li>Leik inne og ute, frileik og tilrettelagt leik.</li><li>Turar i nærmiljøet</li><li>Gymsal</li><li>Regler og rutiner</li></ul></td></tr>
<tr><td>September</td><td>Bli kjent og bygge relasjoner gjennom:<ul><li>Leik inne og ute, frileik og tilrettelagt leik.</li><li>Turar i nærmiljøet</li><li>Gymsal</li><li>Regler og rutiner</li></ul></td></tr>
<tr><td>Oktober</td><td>Vi har fokus på haust og halloween/hallovenn gjennom:<ul><li>Turar i nærmiljøet</li><li>Formingsaktiviteter</li><li>Leik inne og ute, frileik og tilrettelagt leik.</li></ul></td></tr>
<tr><td>November</td><td>Vi har fokus på advent og juleforberedelser gjennom:<ul><li>Aktiviteter knyttet opp mot advent og jul</li></ul></td></tr>
<tr><td>Desember</td><td>Vi har fokus på advent og jul gjennom:<ul><li>Adventsamlinger</li><li>Bøker</li><li>Juleverksted/Formingsaktiviteter</li><li>adventskalender</li></ul></td></tr>
<tr><td>Januar</td><td>Vi har fokus på leik og aktivitet gjennom:<ul><li>Både frileik og tilrettelagt aktivitet</li><li>Vi er både ute og inne</li></ul></td></tr>
<tr><td>Februar</td><td>Vi har fokus på aktiviteter knyttet opp mot karneval gjennom:<ul><li>Formingsaktiviteter</li><li>Bøker/film</li><li>Kanskje skal vi ha fest?</li></ul></td></tr>
<tr><td>Mars</td><td>Vi har fokus på påske aktiviteter gjennom:<ul><li>Uteaktiviteter(påskerebus?)</li><li>Formingsaktiviteter</li></ul></td></tr>
<tr><td>April</td><td>Vi har fokus på påske aktiviteter gjennom:<ul><li>Uteaktiviteter(påskerebus?)</li><li>Formingsaktiviteter</li></ul></td></tr>
<tr><td>Mai</td><td>Vi har fokus på 17 mai gjennom:<ul><li>Mai leker</li><li>Formingsaktiviteter</li></ul></td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| **Juni** | Vi har fokus på sommaren gjennom:<br>• Uteaktiviteter<br>• Turer<br>• Formingsaktiviteter |

**Alle gruppene lager sine eigne planar ut i frå årshjulet. Planane skal vere tilpasset alder og gruppesamansetning.**
**Overordnet mål, er alltid, gjennom heile året: Gode relasjonar, vennskap, leik, samspel, fritid, fellesskap, trygghet og omsorg.**

**Vi ynskjer alle eit godt SFO år!**